



Velkommen som føresett i den vidaregåande skolen!

Som føresett er du viktig for ungdommen, også under den vidaregåande opplæringa. Derfor ønsker vi eit godt samarbeid mellom heim og skole! Skolane vil invitere deg til foreldremøte etter skolestart, der du får bli kjent med skolen og får informasjon om skolekvardagen og korleis du kan bidra som føresett. Skolen skal også velje ut føresette som representantar til skoleutvala.

[Visma InSchool \(VIS\) inneheld timeplanar, fråvær og vurderingar](#)

Visma InSchool er det administrative systemet til dei vidaregåande skolane i fylket. Her kan du finne blant anna timeplanar, fråvær og vurderingar. Skolen gir deg informasjon om korleis du kan bruke systemet som føresett, mellom anna på skolen sin nettside.

[Digital postkasse](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune sender viktig til elevane sikkert og digitalt. Vi oppfordrar derfor alle elvar til å opprette ei digital postkasse.

- [Trykk her for å få meir informasjon om digital postkasse](#)

[Ungdommen din skal ha det trygt og godt på skolen](#)

Alle elevar har rett på eit godt og trygt skolemiljø. Eit godt samarbeid med føresette er viktig for at skolemiljøet skal vere godt. Skolen vil gi deg meir informasjon om korleis dei arbeider med å sikre eit godt og trygt skolemiljø for elevane sine, og om korleis du kan bidra.

Viss du trur eller veit at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen, vil vi gjerne vite om det så tidleg som mogleg slik at vi kan hjelpe eleven. Ta gjerne kontakt også dersom det handlar om ting som skjer på fritida, men som påverkar skolekvardagen til ungdommen din. Du kan seie frå til ein vaksen på skolen, eller du kan varsle elektronisk. Viss du trur eller veit at det er ein frå leiinga på skolen som er grunn til at eleven ikkje har det trygt og godt, skal du varsle direkte til fylkeskommunen. Du kan også varsle Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, og særleg om du opplever at du ikkje blir høyrtd i ei sak.

- [Trykk her for å varsle skolen elektronisk.](#)



- [Trykk her for å varsle fylkeskommunen.](#)
- [Trykk her for å varsle Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.](#)

Du må gjerne kontakte omboda viss du har spørsmål eller treng hjelp

Elev- og lærlingombodet skal ivareta elevane sine rettar som ein uavhengig ressursperson, og er meint som eit gratis lågterskeltilbod til ungdom i vidaregåande opplæring. Ta gjerne kontakt med ombodet med spørsmål, eller om du treng støtte i ei sak. Omboda har teieplikt.

[Her finn du meir informasjon om omboda våre.](#)

Hugs at du er viktig, ta del!

Vis ungdommen din at du involverer deg:

- Still spørsmål, ver nysgjerrig på skolekvardagen og støtt opp om arbeidet til lærarane
- Gi beskjed til kontaktlæraren om du har spørsmål eller viktig informasjon.
- Hjelp ungdommen din til nok søvn, eit godt kosthald og andre gode vanar.
- Følg med på ungdommen din, medelevar, og på kva som skjer i og utanfor skolen.
- Hald deg oppdatert på kva som skjer på skolen, bruk nettsida!

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ønsker ungdommen din lykke til med den vidaregåande opplæringa!

Venleg helsing

Kariann D. Flovikholm

kompetansesjef